Hjorterapport for Gulen kommune 2003-2017

Tema

- Tema
- Info frå kommunen
- Bestandstorleik
- Avskyting
- Jakttrykk
- Produktivitet
- Kjønnssamansetjing
- Slaktevekter
- Fallvilt
- Vårteljingar
- Viktige datoar

Foto: Roar Lundby

Data fra Hjorteviltregisteret.
Bearbeidet og tilrettelagt av Naturdata as

Informasjon frå kommunen

Hjortejakt og forvaltning i Gulen kommune

Bestandsplan for forvaltning av hjort i Gulen kommune og Masfjorden kommune for perioden 2016 – 2018 vart godkjent mai 2016. 18 vald i Gulen og 5 vald i Masfjorden kommune har underteikna innmeldingserklæring. Teljande areal er 484006 da. I 2017 vart det felt 674 dyr, dette er 89% av tildelt kvote og det beste uttaket sidan 2011.

Kommunen si målsetting

- Hjortebestanden skal vere innafor eit nivå som til ei kvar tid vert vurdert som berekraftig. I viltplanen som var laga i 2004 var målet å halde hjorteviltet på 2004 nivå, då vart det felt 373 dyr. Dette målet må vurderast på ny.
- Hjortebestanden skal ikkje vere nokon trussel mot det biologisk mangfald.
- Hjortebestanden skal ha ei biologisk forsvarleg kjønns- og alderssamansetjing og oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon.
- Ta ut sjuke og skadde dyr.
- Oppretthalde gode leveområde for hjorten både med tanke på næringstilgang og skjul.
- Regulere minstearealet innafor leveområda/bestandsområda slik at ein oppnår det rette uttaket av dyr og sit att med ei levedyktig stamme.
- Halde fram med registrering av vårteljing lokalt.
- Registrer irreguler avgang/fallvilt, sett hjort og slaktevekter i hjorteviltregisteret.
- Ha eit godt samarbeid med Gulen ettersøkslag
- Auke jaktoppsynsdelen, betre samarbeidet med politiet.
- Stimulere til opplæring i alle ledd av viltforvaltninga, jegeropplæring, forvaltning, ettersøk mm.
- Bruke viltfondet aktivt etter godkjende sentrale forskrifter og lokale retningslinjer.

Jakttidene er lik dei sentrale, frå 1.september til 23.desember. Oppmodar grunneigarar om opphald i jakta i brunsttida.

Bestandsstorleik



Sett hjort pr. jegerdag er gjennomsnittleg tal hjort sett pr. jeger pr. dag.

Sett hjort pr. jegerdag gjev ein god indikasjon på om bestanden aukar eller minkar. Indeksen viser utviklinga i bestandtettleiken over tid, men seier ikkje noko om det fakstiske talet hjort i bestanden. Ei dobling i sett hjort pr. jegerdag syner ikkje ei dobling av bestanden. I ein høg bestandsstorleik vil ein ikkje klare å registrere den veksten som faktisk skjer i bestanden. I ein bestand i vekst vil kvoten utgjere lite i forhold til bestanden, og jakta blir avslutta raskt. I ein redusert bestand vil det vere vanskeleg å finne dei rette dyra på slutten av jakta. Dette fører til at indeksen sett hjort pr. jegerdag har ein tendens til å undervurdere bestandar i vekst og overvurdere ein nedgang i bestandane. Samanlikning av verdiar frå år til år bør vera utrekna for same geografiske område, sidan same verdi for sett hjort pr. jegerdag kan tilsvara ulike tettleiker i ulike områder som følgje av variasjonar i habitat og jaktmetode.

Avskyting

Sett hjort pr. jegerdag i høve til felt hjort seier noko om endringar i storleiken av bestandane.

Jaktuttaket gjev ofte eit forsinka bilete av bestandtettleiken, fordi det er jakta som driv endringane i bestandane. Det tyder at jaktuttaket ofte vil halde seg høgt i eitt til to år etter at bestanden har teke til å minke og tilsvarande halde seg lågt i eitt til to år etter at bestanden har teke til å auka. Forvaltinga sine målsettingar om utflating eller reduksjon av bestanden krev sers merksemd frå forvaltinga. Data frå sett hjort-skjema vil vera eit nyttig verktøy i forvaltninga.



Felte hjort fordelt på kjønn og alder 2003-2017.

Dei dyra vi vel å felle bestemmer samansetjinga av den resterande bestanden. Dei vil utgjera utviklingspotensialet til bestanden på sikt.



Tildelte og felte dyr

Dersom fellingsprosenten aukar når kvoten aukar, tyder det på at bestanden framleis veks. Dei siste åra har tal felte hjort minka. I 2017 var det ein aukning i felte hjort. Det vert felt 674 hjort, og fellingsprosenten vert 89.

Tabell over fellingsprosent, tildelte og felte dyr.

År	Felt hjort	Tildelt hjort	Fellings%
2003	404	506	80
2004	402	506	79
2005	433	520	83
2006	412	517	80
2007	466	516	90
2008	542	603	90
2009	566	638	89
2010	628	710	88
2011	670	755	89
2012	622	760	82
2013	628	766	82
2014	604	748	81
2015	562	749	75
2016	643	754	85
2017	674	754	89

Jakttrykk



Felt hjort av sett hjort syner kor hardt jakttrykket er og har vore på ulike kategoriar dyr. Er det liten prosent felte av sette dyr viser det at jegerane ofte lar desse dyra passere for kvart individ dei feller. Motsett syner ein høg prosent felte av sette at fleire av desse dyra felles. Dette avspeglar ofte avskytingsmønsteret. I Gulen vert 11 % av observerte koller felt.

Kjønnssamansetjing



Sett kolle pr. bukk syner kjønnssamansetjinga av dyr eitt år og eldre. Kjønnssamansetjinga er viktig for bestanden sin samla produktivitet. Undersøkingar syner at ei svært skeiv kjønnssamansetjing med få eldre bukkar kan føre til lågare produktivitet. Få og unge bukkar klarer ikkje bedekke alle kollene til riktig tid, med påfølgande utsatt tidspunkt for kalving og reduserte kalvevekter. I verste fall kan andelen koller som blir bedekte bli redusert. Sett kolle pr. bukk bør samanliknast med felt av sett bukk. Vert kolle pr. bukk betra samstundes som felt av sett bukk går ned, tyder det på at jegerane faktisk sparer på bukkane. Er ikkje dette tilfelle, kan det vera at bestanden er i vekst. Ein tommelfingerregel er at eit kolle/bukktilhøve på 1,5–2 er eit sunt kjønnsforhold.

Slaktevekter



Utviklinga i slaktevekter gir eit godt bilete på endringar av kondisjonen i bestanden.

Fylkestal for slaktvekter til høgre.

I ein hjortebestand er det tre viktige faktorar som kan påverka bestandkondisjonen over tid; klima, bestandtettleik og jakt. Vektutvikling vert nytta som eit mål på kondisjon, og er rekna for å vera ein god indeks på overlevingsutsiktene og produktivitet. Vektvariasjon hos kalv og halvannaåringar gjev truleg det beste bilete på straksendringane i bestandkondisjonen. Vektutvikling hos eldre dyr er ikkje presentert fordi utviklinga her vert påverka av kva årsklassar som er presentert i slaktevektmaterialet det einskilde året. Nokre område har naturleg låge slaktevekter, medan andre har naturleg høge slaktevekter. Dette varierer med området sine habitatkvalitetar. Det viktige er likevel å sjå på utviklinga i gjennomsnittsvekt over fleire år. Hugs også at slaktevekt vert påverka av fellingstidpunktet.

År	Hannkalv	Hokalv	Bukk 1½år	Kolle 1½ år
2015	27	25	49	45
2016	26	25	48	44
2017	26	26	48	44

Produktivitet

Indeksane sett kalv pr. kolle og kalv i prosent av totalbestanden seier noko om produktiviteten i bestanden.

Sett kalv pr. kolle syner korleis produksjonen i hjortebestanden utviklar seg.

Sett kalv pr. kolle fortel oss om endringar i kalveproduksjonen. Verdien får vi ved å dele summen av alle observerte kalvar på talet observerte koller (inkludert 1 ½ år). Om kalv sett pr. kolle endrar seg over tid, kan det vera eit signal om at kvaliteten på produksjonsdyra er i endring. Indeksen er likevel sårbar i høve til avskytinga. Ei høg kalveavskyting i høve til kolleavskyting kan føre til at kalv pr. kolle som vert observert under jakta vert redusert, sjølv om dette ikkje avspeglar ein reduksjon i



Prosent kalv av totalbestanden syner utviklinga i delen kalv på observerte dyr i totalbestanden. Beitegrunnlaget og andelen vaksne koller er dei to viktigaste faktorane når det gjeld kalveproduksjonen i ein hjortebestand. Beitegrunnlaget kan berre haldast i hevd ved at hjortebestanden vert halde under berekraftig nivå. Sjølv om beitegrunnlaget er bra, må det leggjast vinn på ein høg gjennomsnittleg alder og gjennomsnittleg storleik på kollene i bestanden for å oppnå god kalveproduksjon. Denne vert sikra ved å skyte unge og små dyr.



Fallvilt

Fallvilt er nemning på skadde eller drepne dyr som følgje av andre årsaker enn ordinær jakt.





Hjorteviltregisteret har lagt til rette for kartfesta registrering av fallvilt. Det er kommunane som er ansvarlege for å legge inn data, men ettersøkjarane kan få tilgang til å registrere hendingar fortløpande dersom det er ønskeleg. Kommunane skal rapportere dyr som er bekrefta daude vidare til SSB ved jaktåret si slutt (31. mars).

Nøyaktig kartfesta registrering av fallvilt aukar kunnskap som kan brukast til å avgjera kor førebyggjande tiltak bør setjast inn på veg og jarnbane. Vidare gjev nøyaktig registrering av tidpunkt kunnskap om når risikoen for ulukke er størst. Det er også sjansar for å registrera hendingar kor dyret vert friskmeldt eller ikkje vert funne. Slike registreringar er interessante med tanke på kor påkøyrsla skjer. Desse hendingane kjem ikkje med i den offisielle statistikken som vert publisert av SSB. Hjorteviltregisteret har ei innsynsløysing som syner fallvilthendingane i kart. I innsynsløysinga kan ein velje ulike kombinasjonar av data, mellom anna kan ein velje å sjå på data frå ein eller fleire kommunar på utvalde arter, grunnar og utfall. Det er også mogleg å få ut ulike rapportar basert på utvalskriteria. Sjå meir på www.hjorteviltregisteret.no under fana fallvilt.

Foto: Bodil Haukø

Datagrunnlaget

Datagrunnlaget syner oppslutninga om innsamling av sett hjort-data frå dei einskilde jaktfelta og talet på jegerdagar kvart år.



Store variasjonar frå år til år i oppslutninga kan føre til større uvisse i dei verdiane som er utleda frå materialet. Ei god oppslutning og kvalitetssikring av data gjev eit sikrare grunnlag for avgjerder. Alle indeksar basert på sett hjort og gjennomsnittlege slaktevekter bør regnes ut for eit tilstrekkeleg stort materiale (>1000 jegerdagar/ 500 observasjonar) for å minske betydinga av tilfeldigheter. Alle grafar og tabellar er basert på tallmateriale frå Hjorteviltregisteret, www.hjorteviltregisteret.no. Nokre avgrensingar i tolkinga av sett hjort er: Data tolka på mindre områder er meir sårbare for slump og gjev mindre presisjon i tolkinga (til dømes jaktfelt versus fylke). Endringar i jaktform, endra jakttid, omorganisering av jaktfelt og vald og varierande jaktpraksis vil påverka datagrunnlaget. Andre faktorar som kan gje utslag på data er vêrtilhøve som tidleg snøfall og eventuelt tidleg utløysing av trekk. Effekt av ut- og innvandring, samt død utanom jakt, til dømes påkjørsler, må også takast med i tolkinga av data. Ved tolking og bruk av datagrunnlaget i forvaltinga er det viktig at dei som tolkar materialet har god lokalkunnskap og kjenner historikken. Ein bør også gjera seg kjent med svake og sterke sider i datagrunnlaget og måten data vert samla inn på, slik at ein kan ta høgde for dette under tolkinga.

Hjorteviltregisteret

Hjorteviltregisteret (www.hjorteviltregisteret.no) er ein nasjonal database som lagrar data frå jakt på hjortevilt og opplysningar om fallvilt av utvalde artar. Hjorteviltregisteret er eit forvaltingsverktøy for kommunar og jaktrettshavarar. Etter forskrift om forvalting av hjortevilt av 08.01.2016 skal kommunane bruke Hjorteviltregisteret til lagring og rapportering av data. Informasjonen i Hjorteviltregisteret er tilgjengeleg for alle.

Jegerane si registrering og rapportering av sett hjort dannar grunnlaget for å beskriva storleiken av bestandane, kjønnssamansettinga og produktiviteten i hjortebestanden.

Datagrunnlaget er viktig når konsekvensar av ulike avskytingstrategiar skal vurderast. Avgjerder som vert teke skal vera i tråd med kommunale målsettingar, samstundes som dei tek omsyn til regionale og nasjonale målsettingar i hjorteforvaltinga. Ut over det som er presentert i denne rapporten bør følgjande tilhøve takast med i vurderingane og avgjerdene: Tilgjengeleg beite sommar og vinter, sers viktige vinterbeiteområder og trekkvegar for hjort, skadeproblematikk knyta til beite på innmark/utmark, kunnskap frå forsking samt prognoser for bestandsstorleik dersom dette er utarbeidd for gjeldande område.

Viktige datoer

Paragraf	Forvaltning av elg, hjort og rådyr	Frist	Hvem
§ 6	Fremme forsalg om nytt minsteareal	15. januar	Parter med interesse
§ 6	Fastsettelse av forskrift om minsteareal	15. mars	Kommunen
Veileder § 33	Rapportering av fallvilt til SSB via Hjorteviltregisteret	31. mars	Kommunen
§ 11	Trekke eiendom ut av godkjent eller omsøkt vald	1. april	Jaktrettshaver
§ 16	Trekke tilbake valdgodkjenning*	1. april	Kommunen
§ 14	Trekke et vald ut av godkjent bestandsplanområde	1. april	Valdansvarlig
§ 16	Trekke tilbake godkjenning av bestandsplan	1. april	Kommunen
§ 10	Søke om godkjenning av vald	1. mai	Valdansvarlig
§ 11	Melde endringer i valdet til kommunen	1. mai	Valdansvarlig
§ 13	Søke om godkjenning av bestandsplanområde	1. mai	Bestandsplansområdets representant
§ 14	Melde endringer i bestandsplanområde til kommunen	1. mai	Bestandsplansområdets representant
§ 15	Søke om godkjenning eller endring av bestandsplan	1. mai	Bestandsplansområdets representant
§ 11	Behandle søknad om vald	15. juni	Kommunen
§ 14	Behandle søknad om bestandsplanområde	15. juni	Kommunen
§ 16	Behandle søknad om bestandsplan for elg eller hjort	15. juni	Kommunen
§ 18 og § 20	Utsending av fellingstillatelse på elg, hjort og rådyr	15. juni	Kommunen
§ 32	Rapportere fellingsresultat til kommunen	14 dager etter endt jakt	Valdansvarlig
Veileder § 32	Rapportere sett elg og sett hjort til kommunen	14 dager etter endt jakt	Jaktleder/ valdansvarlig
§ 32	Rapportere fellingsresultat til SSB via Hjorteviltregistrert	30 dager etter endt jakt	Kommunen
Veileder § 32	Registrere sett elg og sett hjort i Hjorteviltregisteret	30 dager etter endt jakt	Kommunen

* Kommunen kan trekke tilbake valdgodkjenning og kreve ny søknad også etter 1. april dersom det foreligger tvil som berører rettsforhold i valdet.

Naturdata er en privat bedrift med kontor i Røyrvik. Firmaet har ansatte med bakgrunn innen grønn sektor.

Våre viktigste produkter og tjenester

- Drift, utvikling og support knyttet til det nasjonale Hjorteviltregisteret
- Drift, utvikling og support knyttet til den digitale innleveringstjenesten av sett elg og sett hjort skjema, www.settogskutt.no
- Kurs i bruk av Hjorteviltregisteret
- Bearbeiding og tilrettelegging av data for ulike aktører
- Innlegging og kvalitetssikring av sett elg-/sett hjort-data i Hjorteviltregisteret
- Foredrag om Hjorteviltregisteret og relaterte tema
- Hjorteviltplaner på kommunalt, regionalt eller fylkesplan
- Brosjyrer med Elgrapport og Hjorterapport
- Arrangerer årlig Naturdatas viltkonferanse på Værnes

Linker

Hjorteviltregisteret
www.hjorteviltregisteret.no
Sett og skutt
www.settogskutt.no
Naturdata as
www.naturdata.no
Hjorteviltportalen
www.hjortevilt.no
Statistisk sentralbyrå
www.ssb.no
Miljødirektoratet
www.miljodirektoratet.no
Norsk institutt for naturforskning
www.nina.no
Lovdata
www.lovdata.no